

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 17.09.2018
Vår ref.: 2014/11640-131
Saksbehandlar: tortittl
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Kystpilegrimsleia. Administrasjon av tilsegn om tilskott frå Riksantikvaren. Stadfesting av regional medfinansiering.

Det vert vist til to tilsegnsbrev frå Riksantikvaren, eitt datert 23.03.2017 på kr 500.000 til opningsmarkeringar, og eitt datert 27.04.2018 på kr 500.000 til vidareføring av Kystpilegrimsleia i ein ny fase. Både breva er lagt ved.

Tilsegn til regionale opningsmarkeringar

Riksantikvaren stiller følgende vilkår:

- 1. Tilskuddet gis under forutsetning av at de fem fylkeskommunene som eier prosjektet, hver bidrar med 50.000 kroner til åpningsarrangement i sitt fylke.*
- 2. Bispedømmene åpner kirker og stiller sin kirkehistoriske- og religionsfaglige kompetanse til rådighet i forbindelse med arrangementene.*
- 3. Prosjektgruppa/fylkeskommunene for Kystpilegrimsleia tar ansvar for åpningsarrangementene.*

Under avsnittet «Oppfølging» peiker Riksantikvaren på følgjande:

Riksantikvaren ønsker at prosjektene skal framstå som eksempler på hvordan god forvaltning av kulturminner, kulturmiljøer og landskap kan bidra til positive samfunnseffekter og at dette blir synliggjort for politikere, forvaltning, næringsaktører og befolkning.

Dokumentasjon, evaluering og formidling av prosjektarbeid og resultater mv. kan gjøres på ulike måter, blant annet ved tellinger, intervjuer, foto, film, prosjektfortellinger, analyser.

Dokumentasjonen må tilpasses det enkelte prosjekts forutsetninger og ressurser.

Med «prosjektene» vert i denne samanhengen meint regionale opningsmarkeringar.

Hordaland fylkeskommune har i kraft av vedtak på styringsgruppemøte 27.08.2018 overteke rolla som koordinerande fylke etter Sogn og Fjordane. Vi tek på oss ansvaret for å levere ei samordna prosjektrapportering frå prosjekteigarane/fylka, og bed i dette høvet det sende oss:

1. Stadfesting på at dei regionale matchingsmidlane på kr 50.000 er på plass
2. Dokumentasjon på opningsmarkeringar, presseomtale osv. slik Riksantikvaren oppmodar oss om

Kystpilegrimsleia over i ein ny fase - tilsegn Frå Riksantikvaren om vidareføring

I tilsegnsbrevet grunngjev Riksantikvaren tilsegnet slik:

Riksantikvaren har med denne tildelinga brukt over 2,5 millionar kroner på Kystpilegrimsleia. Vi er opptatt av at arbeidet blir ført vidare inn i ein fast organisasjon etter at heile leia blir endeleg opna på Selja den 8. juli 2018. Tilskotet skal saman med tilskot a frå fylkeskommunane gå til løn og til naudsynt reiseverksemd for prosjektleiar i minimum eit år frå august 2018.

Ambisjonen for åra 2018 - 2019 blir å arbeide for eit regionalt senter for kyststrekninga Stavanger til Trondheim, at fleire kulturminne blir tatt i bruk og nytta til næring og samstundes skape større merksemd om dei historiske mellomalderstadane langs kysten både for internasjonale turistar og eigne innbyggjarar .

Riksantikvaren føreset at registrering av kulturminne skjer i Kulturminnesøk eller andre opne databasar slik at informasjon om kulturminne kan nyttas av alle brukarar.

I denne fasen bed vi prosjekteigarane/fylka gjev oss ei stadfesting på at matchingsmidlane på kr. 100.000 for kvart av fylka er på plass eller vil ligge føre snart. Riksantikvaren har gjennom Sogn og Fjordane fylkeskommune bede om at ei slik stadfesting vert sendt inn samla for alle fylka innan byrjinga av oktober i år. Det hadde vore fint med svar før utløpet av denne fristen.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Tor Andreas Titlestad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg.